

---

# **Samarbeidsavtale**

mellom

**Sør-Vest politidistrikt  
og  
Vindafjord kommune**

om

---

**Førebyggjande arbeid, politikontakten, politiråd og SLT**

## 1. Innleiing

Politikontakt er ein ny funksjon i politiet. I det politiske arbeidet med Nærpolitireforma kom det tidleg opp eit ynskje om å styrkja samarbeidet mellom Politiet og kommunane. Politi og kommune har mange felles interesser ikkje berre i førebygging retta mot ungdom men også innanfor samfunnsplanlegging og beredskap generelt.

*Allereie i "Avtale mellom regjeringspartiene (FrP/H) og Venstre om grunnlaget for et fremtidsrettet robust politi" av 17.02.2015 står det mellom anna: Hver kommune har minst en fast kontaktperson ved lensmannskontoret eller politistasjonen (politikontakt). Politikontakten bistår i politirådsarbeidet i "sin" eller "sine" kommune, og fungerer som et kontaktpunkt for det forebyggende arbeidet i distriktet.*

Ein viser til politimeisteren sitt brev til kommunane av 30.06.17 som omhandlar tenestetilbodet i Sør-Vest politidistrikt. I Nærpolitireforma er vidareutvikling og betre kvalitet på det førebyggjande arbeidet eit viktig mål og skal difor ha stor merksemd. Det skal utarbeidast ein gjensidig forpliktande avtale om politikontakt. I Vindafjord kommune skal denne samordnast med allereie eksisterande politiråd og SLT. (Samordna lokale kriminalitetsførebyggjande tiltak)

Nærpolitireforma har seks prioriterte funksjonar/bærebjelkar. Ein av desse er politikontakt og politiråd. Politikontakt er rekna som så viktig at det er bestemt at det skal vera på plass og i full drift i løpet av 2017. Avtalane skal så langt råd er, tilpassast behov og ynskje i kvar kommune. Målet er at alt førebyggjande arbeid både i kommune og politi, skal samordnast med andre tenester hos begge partar, for å skapa eit tryggare og betre samfunn for innbyggjarane.

Ordninga med politikontakt er sett i verk frå 15.06.2017

Etne og Vindafjord lensmannskontor i Ølen har eige lensmannskontor. Her vil det vera publikumsmottak med opningstider også utanfor vanleg kontortid enkelte dagar.

## 2. Politikontakten

Politikontakten i tenesteeining Etne og Vindafjord skal ha ansvar for kommunane Etne og Vindafjord. Politikontakten skal i utgangspunktet vera uniformert og disponera uniformert bil.

Han vil ha sin faste kontorstad på Etne og Vindafjord lensmannskontor i Ølen.

I Etne kommune er lensmannskontoret lagt ned og politikontakten skal difor ha kontorstad i rådhuset etter nærmare avtale. Resten av tida vert fordelt mellom Etne og Vindafjord kommune.

Det er ikkje meininga at politikontakten skal ha fast opningstid for publikum, men skal i utgangspunktet vera tilgjengeleg i kontortida.

Nokre av dei viktigaste oppgåvene for politikontakten blir:

- Vera eit av dei viktigaste kontaktpunkta mellom politi, publikum og dei ulike aktørane i kommunen.

- Syta for oppfølging av dei kriminalitetsførebyggjande strategiane.
- Vera pådrivar i arbeidet med politiråd og SLT samarbeid.
- Gi råd om og sjå til at kriminalitetsførebyggjande metodar og tiltak vert rett brukt i kommunen.
- Vera ein del av resten av det kriminalitetsførebyggjande arbeidet i kommunen.

For å oppnå dette må politikontakten mellom anna:

- Arbeida for å skapa felles oppfatning av problem og mål.
- Fremja deling av kunnskap og utveksling av erfaring mellom politi og kommune.
- Presentera politiet sin analyse av kriminaliteten i kommunen i dag og forventa utvikling. Sjå dette i samheng med kommunen sine egne vurderingar av situasjonen.
- Ha god lokalkunnskap og nødvendige fullmakter
- Etablere samarbeid med andre offentlege organ og myndigheiter, næringsliv, frivillige lag og organisasjonar m.m.
- Delta aktivt i planlegging og styring av politiet si operative teneste.

#### **Politiråd**

Vindafjord kommune har etablert politiråd. Ordførar er leiar for politirådet og kommunen har ansvar for sekretariat. Politirådet skal vera eit formalisert samarbeid mellom kommunen si øvste leing og politiet. Rådet skal vera eit strategisk organ og sikra utveksling av kunnskap og erfaring mellom politi og kommune.

I Vindafjord kommune er leiar GDE, lensmann og politikontakt politiet sine representantar i rådet, medan Ordførar, rådmann, kommunalsjefar og SLT- koordinator representerer kommunen. Politikontakt har ansvar for oppfølging frå politiet. Både kommune og politi skal fremja saker til politiråd. For detaljar sjå eigen avtale om politiråd som vedlegg til denne avtalen.

#### **SLT**

SLT koordinator har ansvar for på kommunen sine vegne, å syta for at dei lokale offentlege og frivillige ressursar innan førebygging arbeider etter felles strategi og mot felles mål, jfr vedtatt Samhandlingsplan.

#### **Forventningar til samarbeid.**

Både politi og kommune skal arbeide for å gjere politikontakten kjent i sine organisasjonar.

Politikontakten skal aktivt delta i aktuelle planarbeid og møter der agenda har aktuelle tema for samarbeid og kommunen skal leggja til rette for dette.

Politikontakten skal aktivt søkja kontakt med sine samarbeidspartar i kommunen. Praktisk kan dette gjerast i samarbeid med SLT koordinator. Politikontakten skal ha faste møter med SLT koordinator og delta i SLT Arbeidsutval i Vindafjord kommune.

#### **Spesielle fokusområde**

Politikontakten får ei viktig rolle for vera pådrivar for alt førebyggjande arbeid i kommunen. Han skal særleg ha fokus på oppfølging av avtalar og planar i politirådet.

Politikontakten skal styrkja det eksisterande førebyggjande arbeid som alt er etablert. Han skal så langt ressursen tillét det, vera med i det praktiske arbeid som for eksempel samarbeidsmøter og foredrag i skular.

Politikontakten skal ha kontakt med næringslivet. Han skal også ha særleg fokus på kontakt med lokalt NAV kontor, kommunale helsetenester, skular, interkommunale barnevern og flyktningtenesta.

Å henta inn etterretning og informasjon om trendar og utviklingstrekk i lokalsamfunnet blir viktig. Opplysningar om grupperingar og enkeltpersonar som er inne i ei negativ utvikling blir også viktig. Dette må sjåast i samheng med informasjon som kommunen har. I dette arbeidet må det vera eit nært samarbeid med SLT koordinator slik at tiltak kan målrettast. For å sikra samordning og heilskap i tiltak, er det nødvendig å tenkja tverrfagleg på tvers av tenestetilbod og forvaltningsnivå.

#### **Politikontakten si organisatoriske plassering, fullmakter m.m.**

Politikontakten er plassert i politiseksjonen ved Etne og Vindafjord lensmannskontor. Denne seksjonen har eit avsnitt som går mot etterretning og etterforsking. Politikontakten er ansvarleg for Etne og Vindafjord lensmannskontor sin daglege kontakt med kommunane. Politikontakten skal ha dei nødvendige fullmakter for å kunna utføra dei oppgåver han er pålagt.

#### **Organisering av samarbeidet.**

Politikontakten skal kunna ha uformell kontakt med og samarbeida med alle nivå i eigen og kommunal administrasjon.

Kvar av partane har sjølv ansvar for å journalføre det som skal inn i dei respektive journalar.

#### **Teieplikt – samarbeid mot felles mål.**

Politiet har etter lov og forskrift teieplikt om alt dei i tenesta får veta av opplysningar som skal vernast eller som ikkje er allment kjende. Politiregisterlova og forskrifter til denne, opnar for at opplysningar kan utvekslast med andre samarbeidspartar i tråd med lova. I enkelte høve kan politiet etter politiregisterlova og straffeprosesslova m. påtaleinstruks ha opplysningsplikt.


Alle samarbeidspartar må sjølv vurderer si teieplikt. Målet er felles arbeid til beste for klienten innanfor det regelverket som gjeld for samarbeidspartar.

## **Evaluering**

Denne avtalen skal vera fast sak på politirådet sitt fyrste møte kvart år. Den kan ved behov, også takast opp i dei andre møta i løpet av året.

**Signaturar**

8.1.18.



Politimeister

Ole Johan Viindal  
Ordfører

